

Søknad om tilskott til gjerde

Gnr 141/2 Nedre Kvamme

Aktuelt areal er ca 32 daa. Har vore ute av vanleg landbruksdrift i mange år, nokre år beita med ungdyr. Dei fire siste åra har me etter eigars ønskje disponert arealet til beite vår og haust for ulike flokkar av sauer. Me har avtale om å disponere arealet vidare framover. Hittil har me kunna beita arealet ved bruk av elektrisk gjerdenot (ca 400 m) og stadig krisevedlikehald av gammalt og øydelagt gjerde. Dette er for kostbart og arbeidskrevjande til å satse vidare på, og me gjer no avtale med eigar om å etablere faste gjerde. Dette vil medverke til betre og meir fleksibel utnytting av beitet.

Slik det går fram av vedlagde kartskisse, har arealet grense i aust eit stykke mot 141/1, der me også har beite. Dette gjerdet er ikkje særleg sprekt, men funksjonelt inntil vidare. I nord har arealet grense mot 141/3, også her førebels med funksjonelt gjerde.

Omsøkt gjerde, viste med blå linjer i kartvedlegg:

Mot vest: ca 370 meter. Er pr no ikkje gjerde, men følgjer avtalt trase (som til no med el-gjerde). Etter eigars ønskje vert det laga **3 grindar, 2 kjørbare** (opning min 3m) og **1 for gangsti** (opning 1m).

Mot aust: ca 90 meter. Er pr no gjerde med svært gammal og dårleg 6-kant not langs kommunal veg. Krev stadige naud-reparasjonar og vedlikehald, og må skiftast. Må rydde kratt i gjerde-gata og byggje nytt gjerde. **Laga 1 grind** (opning min 3 m)

Omsøkt gjerde, vist med raud linje i kartvedlegg (mrk «Delegjerde»): ca **105 meter og 1 grind** (opning ca 3m, då den er i køyrevegrett til 141/3 sin teig nord for 141/2). Dette gjerdet er ikkje er avgjerande for å kunne bruke arealet, men det vil openberrrt gje langt betre høve til å utnytte beitet. I tillegg vil det gjere det mogeleg å nytte stor del av arealet sør for denne lina til slått.

Oppsummert:

- **Gjerde:** ca 570 meter
- **Grindar:** 4 stk min 3m, 1 stk ca 1m
- **Rydding i gjerdelina:** ca 90 meter mot aust + delrydding ca 100 m mot nord-vest

Kvamme, 25.08.2021

Ivar Kvamme, leigetakar/søkjjar

Samtykke

Underteikna eigar av gnr 141 bnr 2 samtykkjer i at det vert sett opp gjerde som vist i søknaden, med atterhald om tilpassingar i terrenget og på staden.

Kvamme, 29.08.2021


Bjarne Gunnar Kvamme